

---

## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Styret for Helse Møre og Romsdal HF  
**Møtedato:** 12.06.2019  
**Tidsramme:** kl 10:00-15:00  
**Sted:**  
**Saksnr.:** 40/19 - 49/19  
**Arkivsak:** 2019/131

---

**Møteleiar:**  
Ingve Theodorsen

**Møtande medlemmer:**  
Toril Forbord  
Gerd Marit Langøy  
Bjarne Storset  
Anette Lekve  
Sigurd Torvik Heian  
Hilde Furnes Johannessen

**Frå brukarutvalet møte:**  
Ingrid Løset  
Inger Nossen Sandvik

**Forfall:**  
Lodve Solholm

**Frå administrasjonen møte:**  
Konstituert administrerende direktør Nils Kvernmo  
Administrasjonskonsulent Marianne Gravem (styresekretær)  
Administrasjonsrådgiver Audny Mongstad

Styreleiar innleia møte med å ønske velkommen til styremøte.  
Informerte om et konstruktivt møte med leder og nestleder i Bunadsgeriljan.  
I rekrutteringsprosessen av ny adm.direktør vil utvalgte personer bli invitert av HR-direktør til å bli intervjuet av rekrutteringsfirmaet om hvilke synspunkt man har om hvilke egenskaper man ser for seg en ny direktør bør ha.  
Blant andre regionrådsledere i Møre og Romsdal og tillitsvalgte i helseforetaket.

### Sak 40/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Det kom forslag om utsetting av sak 47/19 fra Hilde Furnes Johannessen på bakgrunn av at fleire fagforeningar er i streik og derfor ikkje kan eller skal samarbeide med arbeidsgivar. Dette er viktig og naudsynt for å ta vare på dei tilsette i ein omstillingsprosess.

Forslag om utsetting blir behandla når sak 47/19 står til styrebehandling.

#### **Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjente innkalling og sakliste.

### Sak 41/19 Orienteringssaker

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Orientering frå administrerande direktør:
  - Overlege Tone Stokkereit Mattsson disputerte 6. juni med doktorgradsarbeid om Auditory Processing Disorder (APD)
  - «Kva er viktig for deg»-dagen er markert
  - Stor aktivitet i Helseplattformen – med eit moglegheitsbilete der fastlegar, kommunar og helseforetak kan ha same pasientjournal å arbeide ut frå.
  - Dialogmøte med kommunane 20. mai
  - Stadlege leiarsamlingar i juni
  - Styreleiar og adm.dir har no møter med regionråda
- Status SNR
  - Fem entreprenører har meldt seg til første anbudsrunde
  - 1500m2 nettoareale er redusert uten at det har gått ut over klinisk virksomhet
- Orientering om status på omstillingsarbeidet herunder også rehabiliteringsprosjektet

#### **Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringane til vitande.

### Sak 42/19 Forskings- og innovasjonsmelding HMR 2018

#### **Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek Forskings- og innovasjonsmeldinga for HMR HF 2018 til vitande

### Sak 43/19 Referatsaker (utan saksframlegg)

Styret har motteke følgjande referatsaker og tek dei til orientering.

- Protokoll frå styremøte Helse Midt-Norge 23.05.2019
- Protokoll frå Overordna samhandlingsutval 22.05.2019
- Protokoll frå AMU-møte 11.06.2019
- Protokoll frå Brukarutvalsmøte 11.06.2019
- Brev frå Ålesund Arbeiderparti
- Brev frå tillitsvalte på Kristiansund sjukehus til styresak 46/19
- Brev med kommentar til bruk av kvalitetsindikatorer frå seksjonsleiar medisinske legar ved Kristiansund sjukehus, Heidi Sandvig

- Brev om fødsel på uønska fødestad ved St.Olav/Orkdal og prognose for Kristiansund frå Per Erik Grønvik
- 16 spørsmål til leiinga i helseføretaket frå Bunadsgeriljaen v/ Anja Solvik
- Innspel frå Norsk psykologforening v/ Siri Næs

### **Sak 44/19 Statusrapport 1. tertial 2019 – kvalitet, økonomi og aktivitet**

Styret fikk ein presentasjon av mai-tala på løn og aktivitet (ventetid-tala ikkje ferdigstilt).

#### **Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek statusrapport 1. tertial 2019 og munnleg orientering om mai 2019 til orientering.

### **Sak 45/19 Kvalitet og pasienttryggleik – del 2**

#### **Vedtak:**

1. Styret tek saka om kvalitet og pasienttryggleik til vitande, og ser dette som eit ledd i arbeidet med kvalitet og pasienttryggleik basert på føregåande sak 27/19 og komande sak med del 3: «Strategisk plan for kvalitet og kvalitetsforbetring i Helse Møre og Romsdal»
2. Styret vil få drøfta temaet om kvalitet og pasienttryggleik i eit komande styreseminar.

### **Sak 46/19 Sak om organisering av fødeavdeling – gjennomgang av faktagrunnlag og vurdering**

Konstituert adm. direktør gjekk gjennom faktagrunnlaget for fødesaka og la fram kva hovudargument som ligg til grunn for forslag om lokalisering og vedtaket for samanslåing. Det blei poengtert at det ikkje er signifikante kvalitetsforskjellar på fødeavdelingane i Molde og Kristiansund.

#### **Styret fatta samrøysta følgjande vedtak:**

1. Styret tek adm. dir. sin gjennomgang av påstandar om feil i faktagrunnlaget i styresak 26/19, til orientering.
2. Styret står fast ved tidlegare vedtak om samanslåing og lokalisering av felles fødeavdeling for Nordmøre og Romsdal.
3. Styret ber adm. dir. legge fram ei styresak i løpet av første halvår 2020 for å følgje opp vedtaket i sak 36/19 om tidsplan for samanslåing, og ei samla plan for funksjonsdeling mellom Molde og Kristiansund frem mot SNR.

## Sak 47/19 Plan for kostnadsreduksjon i Helse Møre og Romsdal HF

Forslag om å utsette saka ble behandla i styret.

Det kom forslag om utsetting av sak 47/19 fra Hilde Furnes Johannessen på bakgrunn av at fleire fagforeningar er i streik og derfor ikkje kan eller skal samarbeide med arbeidsgivar. Dette er viktig og naudsynt for å ta vare på dei tilsette i ein omstillingsprosess.

Forslaget falt med fem mot to stemmer (Hilde Furnes Johannessen og Anette Lekve stemte imot).

Styret fekk ei kort innleiing av konst. adm. direktør og deretter ein presentasjon av økonomidirektør på økonomisk status og bakgrunn for forslag på fordeling av utfordringane knytt til omstilling.

Forslag til nye punkt til vedtaka frå Anette Lekve:

1. *Styret for HMR ber adm. direktør gjennomføre en analyse av økonomiske innsparingsmuligheter basert på beste praksis innen eget foretak.*
2. *Styret ber adm. direktør utarbeide en plan for realisering av mulige gevinster ved tilpasning til beste praksis.*
3. *Styret ber adm. direktør sikre medvirkning og involvering av tillitsvalgte, vernetjeneste og fagmiljøene i tråd med lov- og avtaleverk.*

Forslaget ble stemt med alle tre punkt mot innstilte tre punkt. Forslaget falt med fem stemmer mot to (Hilde Furnes Johannessen og Anette Lekve stemte imot).

Styreleiar ønskte å ta inn «i tråd med lov- og avtaleverk» i slutten av punkt tre i innstillingen. Dette aksepteres av styret.

### Styret fatta følgjande vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til nivå på omstilling slik som skissert i styresaka.
2. Styret ber adm. direktør utarbeide ein detaljert gjennomføringsplan som sikrar naudsynt framdrift for å forbetre den økonomiske prognosen for 2019.
3. Styret ber adm. direktør gjennomføre ein konsekvensanalyse av tiltaka og sette i verk eventuelle avbøtande tiltak. Styret føresett at gjennomføringsplana blir drøfta med tillitsvalte i tråd med lov- og avtaleverk.

Styremedlem Sigurd T. Heian legger til stemmeforklaring:

Det er reist kritikk fra arbeidstakerorganisasjonene om mangelfull medvirkning i planlegginga av saksframlegget. Det er en forutsetning for å lykkes med slike kostnadsreducerende tiltak at tillitsvalgtapparatet og fagmiljøene opplever reell medvirkning.

Det er også lagt opp til en svært kort tidsfrist for tiltakene, og det er vanskelig å se for seg at man kan gjennomføre en kvalitetssikret konsekvensanalyse mht medisinsk og driftsmessig forsvarlighet innen så kort tid.

I tillegg mener jeg det er sentralt at man i størst mulig grad skåner pasientnære funksjoner.

På grunn av den svært krevende situasjonen helseforetaket er i, ser jeg på tross av dette ingen annen mulighet enn å stemme for forslaget.

## Sak 48/19 Revidert styreinstruks for styret i Helse Møre og Romsdal HF

### Vedtak:

Styret vedtek, med de kommentarer som ble gitt, revidert styreinstruks for styret i Helse Møre og Romsdal HF.

## Sak 49/19 Godkjenning av protokoll 07/2019 – styremøte 12.06.2019

**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 12.06.2019.

Ålesund, 12.06.2019

Ingve Theodorsen  
styreleiar

Lodve Solholm  
nestleiar

Toril Forbord

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen